

KOMMISJONSDIREKTIV 96/6/EF**av 16. februar 1996****om endring av rådsdirektiv 74/63/EØF om uønskede stoffer og produkter i fôrvarer(*)**

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESKAPA
HAR –

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fællesskapet,

med tilvising til rådsdirektiv 74/63/EØF av 17. desember 1973 om uønskede stoffer og produkter i fôrvarer⁽¹⁾, sist endra ved tilmeldingsakta for Austerrike, Finland og Sverige, særleg artikkel 6, og

ut frå desse synsmåtane:

I direktiv 74/63/EØF er det fastsett at vedlegga stadig skal tilpassast den vitskaplege og tekniske utviklinga.

Innhaldet av aflatoksin B1 i fullfør til mjølkekyr må reduserast fordi det er naudsynt å hindre at dette ureinande stoffet finst i mjølk.

Dei tiltaka som er fastsette i dette direktivet, er i samsvar med fråsegna frå Det faste fôrvarerutvalet –

VEDTEKE DETTE DIREKTIVET:

Artikkel 1

Vedlegg I til direktiv 74/63/EØF vert endra i samsvar med vedlegget til dette direktivet.

Artikkel 2

1. Medlemsstatane skal setje i kraft dei lovene og forskriftene som er naudsynt for å rette seg etter dette direktivet, innan 31. juli 1996. Dei skal straks melde frå til Kommisjonen om dette.

Når desse føresegnene vert vedtekne av medlemsstatane, skal dei ha ei tilvising til dette direktivet, eller det skal visast til direktivet når dei vert kunngjorde. Medlemsstatane fastset korleis tilvisinga skal gjerast.

2. Medlemsstatane skal sende Kommisjonen teksta til dei viktigaste internrettslege føresegnene som dei vedtek på det området som dette direktivet omfattar.

Artikkel 3

Dette direktivet tek til å gjelde tredje dagen etter at det er kunngjort i *Tidend for Dei europeiske fællesskapa*.

Artikkel 4

Dette direktivet er retta til medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 16. februar 1996.

For Kommisjonen

Franz FISCHLER

Medlem av Kommisjonen

(*) Denne fællesskapsrettsakten, kunngjort i EFT L 49 av 28.2.1996, s. 29, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 101/1999 av 24. september 1999 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold), se denne utgaven av EØS-tillegget til De Europeiske Fællesskaps Tidende.

(1) TEF nr. L 38 av 11.2.1974, s. 31.

VEDLEGG

I vedlegg I del B nr. 1 "Aflatoksin B1" vert orda "Fullfôr til storfe, sau og geit (med unntak av melkekyr, kalver og lam)" i kolonne "2" og talet "0,05" i kolonne 3" endra til:

Stoffer, produkter	Fôrvarer	Høyeste innhold i mg/kg (ppm) fôrvare med et vanninnhold på 12 %
1	2	3
	"Fullfôr til storfe, sau og geit, med unntak av: – melkekyr – kalver og lam	0,05 0,005 0,01"